

REFERAT FRA MIDTSOMMARTUR TIL SULA FYR 21.-23. JUNI

Sula i Øyrekka utanfor «fastlandsfrøya» ligg eigentleg lett tilgjengeleg til. Det går ferje dit, og det er berre å sikre seg plass i køen og bli med over med kajakk på biltaket. Men det er litt stas å padle over Sulfjorden, inn gjennom kanalen mellom Sula og Følingen, forbi moloen i nord og trekke kajakkane i land ved naustet til fyret (som i og for seg er strabasiosøst nok i seg sjølv). Difor var det plan A å padle frå Norddyrøy til Sula fredag ettermiddag og tilbake søndag ut på dagen.

Turen

Fredag 21.6. kom alle seg ut av byen rundt 12-tida. Bilturen til Frøya tek ca 2,5- 3 timar, så i god tid før kl 15 var alle komne fram til Norddyrøy, og klar for å pakke kajakkar.



Foto: Frode Vassenden

Etter ca ein time var alle klar på sjøen. Padleturen gjekk frå stranda rett ved havnebygget og parkeringsplassen ved ferjekaien. Vinden som gradvis hadde stilna utover natta og formiddagen var ca 2 ms fra sør mellom kl 16 – 19. Det var lett skydekke, og fjorden låg blank og stille då vi padla utover. Frå kaien padla vi nordvest mot Skarvøyan og kryssa mot Kløholmskjæret. Deretter padla vi vestover langs holmane til sørenden av Samnøya, og vidare vest for den, deretter mot nord, mellom Anfinnholmen og Store Kvaløya.

Deretter gjekk turen inn kanalen, forbi moloen i nord og til naustet rett vest for moloen. Padleturen denne kvelden var ein «pangstart» på turen, og den var ein vesentleg del av det som var flott padlehelg.



Foto: Hans Helmer Sæternes

Etter at alle hadde funne seg rom og seng og laga seg mat, samla vi oss rundt spisebordet for å legge plan for turen dagen etter. I utgangspunktet var planen å padle til Mausundvær, via Bogøyvær, og den planen heldt vi fast på. Vi avtalte kl 10 på vatnet.

Deretter åt vi nydeleg sjokoladeskuffkake som Hilde hadde bakt.

Laurdag 22.6. starta og slutta som ein nydeleg, stille sommardag. I det vi la ut fra Sula og padla aust-nordaust var det eit lite austleg vinddrag (ca 3-4 ms) som stilna utover dagen. På turen til Mausundvær padla vi mellom holmane, inn i trange åpningar, meir eller mindre rett på Mausundvær. Vi tok ein halvtimes stopp på Bogøyvær. Her blei vi ønskt velkommen og «losa» inn til rett brygge av hyggelege havnevakter. For havnavakter trengs på Bogøyvær ein laurdag formiddag om sommaren. Området rundt Supen Pub var nesten som eit festivalområde, med blant anna eigen Gin-bar i tillegg til ordinære barar inne og ute, musikkscene og sal av fish&chips og Norges beste baccalao (ifølge innehavaren). Ei rikholding krambu finn ein også ved kaien, og fleire TTK-arar fylte opp kajakken på turen innom.



Foto: Callum Sinclair

Etter ca tre kvarter på Bogøya padla vi vidare. Turen gjekk mot Aursøya, nærare bestemt mellom store og vesle Aursøyane. Vi kryssa mot Måøya og Gårdsøya, og la til ved kaien ved Coop/Havna kafé. Då hadde vi lagt bak oss 14 km i løpet av vel fire timar, inklusive pausen på Bogøya. Atmosfæren på Mausundvær var ein heilt annan enn på Bogøyvær. Vi åt lunsjen vår på brygga til vakker korsang i bakgrunnen (øving til spelet «Oda fra havet»). Det store spørsmålet var returen: Same veg attende, eller ein litt lenger tur norvest, mellom båtleia og dei vestlegaste holmane? Det ville i så fall bli minst 14 km, og ein time seinare på land enn om vi tok strake vegen. Etter litt drøfting, blei det til at returen skulle gå mellom dei vestlegaste holmane og attende til Sula. Vi sette kursen forbi Aursøyane, via Bukkholmane mot Tvillingholmane. Deretter gjekk det rett vest mot Kjuka, via Geitungan og sørvest heimover til Sula fyr. Det ble tid til eit kort stopp med ilandstiging på ein holme ved Geitungungan. Til slutt la vi oss i flåte nedanfor Sula fyr og det blei eit fellesbilete med fyret i bakgrunnen.



Callum Sinclair



Foto: Callum Sinclair

Det låg i korta frå vi vakna laurdag morgon at det kunne bli ferjeretur i staden for organisert padling over Sulfjorden og attende til Nordyrøy søndagen. I meldingane var det 11-13 ms frå formiddagen og utover, med over 20 ms i kasta. Roger, som driv Sula Eigedom (utleige av fyreret) kom med eit generøst tilbod om å køyre kajakkane, bagasje og passasjerar på hengar og varebil frå vegen nedanfor fyret og til ferjekaien søndag til den første ferja frå Sula ferjekai. Det takka vi ja til, og bar kajakkane frå naustet og opp til vegen etter padleturen laurdag.

Laurdag kveld åt vi lammelår, som Olaf Trygve hadde tatt med og førebudd for langtidssteiking. Frode og Anja sørga for løk, poteter og grønsaker, i tillegg til rabarbracrumble med vaniljesaus til dessert. Nam nam!

Søndag 23.6. blei det altså ingen organisert padling, men Callum og Torleif stod «grytidleg» opp, og padla avgarde i åttetida over Sulfjorden til Nordyrøy. Resten slappa av med frukost, pakka og rydda ut av Fyrmesterboligen. Klokka 10 kom Roger med hengar, og det var berre å stroppe kajakkar og stue bilen full av bagasje og passasjerar. To turar, så var alt og alle på plass på Sula ferjekai. Den store spenninga var om alle kom med på same ferja - og det gjorde vi. Ferjemanskapet hadde det heilt klart korleis kajakkane skulle plasserast. Det tok kort tid å få plassert og stroppa kajakkane på begge sidene av båtdekket, oppå kvarandre. Innan kl 12:30 var alle på veg frå Nordyrøy til byen med kajakkar på taket og padleutstyr i bilen.



Foto: Hilde Mailen Domaas

Planlegging og administrasjon

Denne turen blei foreslått på turmøtet i havgruppa før påske. Det blei allerede der klart at Callum og Anna skulle vere turleiarar. Den 9. mars blei begge bustadene på Sula Fyr (Fyrmesterboligen og Assistentboligen) reservert til 16 personar midtsommarhelga. Vi fekk reservert fyret fram til 50 dagar før det skulle brukast utan å betale. Då invitasjon blei lagt ut på TKK sine nettsider 16. april, blei det sett påmeldingsfrist 30. april. Innbetaling skjedde ved påmelding, men med lovnad om eventuell refusjon før 30. april. Etter 30. april var påmeldinga bindande. Det blei halde to informasjonsmøter: Det første informasjonsmøtet var 23. april. Dette var eit informasjonsmøte for alle som kunne vere interesserte. Møtet vart arrangert for å få ein peikepinn på om det ville bli nok deltakarar, i tillegg til at det blei gitt generell informasjon. Då fristen gjekk ut den 30.4. var det 11 påmelde. Vi avbestilte difor Assistentboligen. Etter det melde det seg to deltakarar som blei sett på venteliste. Ein deltakar trekte seg den siste veka før turen, men heldigvis var den eine deltakaren på venteliste interessert i å vere med.

Sidan veret var viktig for transport og kryssing av Sul fjorden, venta vi til tysdag same veka som turen skulle skje med neste informasjonsmøte. Innan dette møtet fann stad var det oppretta køyreliste. Alle deltakarane hadde ordna med transport, ville krysse Sul fjorden i kajakk og kunne køyre frå Trondheim seinast kl 12 fredag. Det låg an til kryssing fredag, men det var litt meir usikkert søndag. Det er ulike erfaringar med å ta kajakkar på ferje. Erfaring frå Froan-turane tilsa at dette kunne vere muleg, men at det måtte sjekkast. Vi ringte kundenummeret til AtB (02820). Der fekk vi opplyst at desse ferjene ikkje tek med kajakkar, men at dei kunne sette oss i kontakt Torghatten Midt som driv fergene (73 89 07 00). Her blei vi sett direkte over til ei av ferjene i Øyrekka. Det var grønt lys, og det gitt beskjed til ferjemanskapet som var på vakt søndag. Velvilje i heile kjeda. Då den minste ferja la til kai og vi tok kontakt, var dei tydeleg førebudd på at 11 kajakkar skulle med (det vart 9).


- Erfaringspunkt I: Avtal direkte med ferjemanskapet på førehand, då går det gjerne bra. Transporten fra fyret til kaien var ikkje planlagt. Det hadde gått heilt fint å padle frå naustet til kaien slik vindforholda var om føremiddagen, søndag. Ilandstiging ved naustet til Sula fyr er krevjande i stille sjø. Dersom vinden som var meldt hadde komme fra morgonen av ville det vore svært krevjande å setje kajakkar på sjøen og entre dei i stor sjø mot land.
- Erfaringspunkt II: Folk er utruleg positive og hjelpsame i slike lokalsamfunn. Legg gjerne att litt pengar i lokalt næringsliv (butikk, pub osv). Akkurat denne gangen gjekk det ikkje, ettersom butikken var stengt då vi var på land. Og på Terna Brygge var det lukka arrangement.
- Erfaringspunkt III: Deltakarar på TKK-turar er utruleg «dugnadsinnstilte». Det var null problem med å ordne lammelår med tilbehør, dessert, kake, og slett ingen vanskar med å skaffe gourmetkokkar. Alle hjalp til med rydding og oppvask. Slik skal det vere!
- Erfaringspunkt IV: Det er gror opp dyktige turleiarar i TKK. Callum var sjef på havet denne helga, og losa oss ut og inn imellom holmar og kanalar med stødig kartkunnskap og leiing. Nesten alle som deltok på turen hadde kompetans som aktivitetsleiarar. Likevel kjende vi som var turleiarar at det var vi som var nettopp det, og at vi blei respekterte i den rollen.



Hilde Mailen Domaas

Denne turen var lett å planlegge, ettersom det blei gjennomført ein tilsvarande tur i 2016. Eit grundig og godt referat fra Frode Vassenden fra turen i 2016 gjorde at planlegginga gjekk mykje lettare denne gangen.

TKK Sula Tur 21-23/06/2024



Kart (Callum): Nordvestleg kryssing av Sulfjorden fredag, søraustleg kryssing av Sulfjorden – Torleif og Callum – søndag. Sørlegaste rute til Mausundvær laurdag, nordlegast tilbake til Sula.